



Arkivsaknr: 2024/9458-3
Sakshandsamar: Eirik Bouwer Utne
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
31/24	Ungdomsråd	14.10.2024
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vedtek retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for næring, kultur og idrett.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Saka omhandlar vidareutvikling av tilskotsordningane for kultur og idrett i tråd med vedtekne målsetjingar i *Kultur som drivkraft*, kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035. Ei slik justering er i handlingsprogrammet planlagt til 2024–25 med verknad frå søknadsfristen 15.11.2025.

I juni 2024 vedtok utval for næring, kultur og idrett i PS-30/2024 merknad om å få justert retningslinjene, med formål om å vere klare innan søknadsfrist 15.11.2024.

Utval for næring, kultur og idrett vedtok i møte den 03.09.2024 å legge utkast til nye retningslinjer på høyring. Ungdomsrådet var invitert til å gi uttale, då dei handsamar ei eiga

tilskotsordning, og støtta høyring. Høyringsperioden vart gjennomført frå 09.09–02.10.2024, og det kom inn tre tilbakemeldingar. Høyringa var annonsert via nettsider, sosiale medium, annonsering og e-post til lag, organisasjonar og samanslutningar i Alver kommune.

I tilfelle endeleg vedtak i kommunestyret vil ein justere søknadsfristen til 30.11 i 2024 for å gi søkerar tid til å orientere seg i nye retningslinjer. Frist vil falle tilbake til 15. november i 2025.

Saka omhandlar ikkje økonomi.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Sakshistorikk og forankring

Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett vart vedtatt i desember 2019, KO-050/19. I forarbeidet til kommunesamanslåinga var det ønske frå både fagsida og kultur- og idrettslivet om å endre søknadsfristen frå mars/april (som i dei gamle kommunane) og over til hausten. Ei slik framtidig endring vart del av kommunestyrets vedtak, og sett i verk etter revidering av retningslinjene i september 2021, KO-098/21, med nye fristar i november (tildeling februar) og april (tildeling juni).

Kultur som drivkraft, kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023- 2035, legg fram at vi skal vidareutvikle retningslinjene for tilskot til det breie kulturfeltet. I tillegg omtalar planen ei rekke målsetjingar (til dømes barn og unge), der gode tilskotsordningar vil vere sentrale kulturpolitiske verkemiddel.

Målsetjingar og føresetnader frå planen

Profesjonell kultur, toppidrett og kulturnæring: I Alver skal me ha sterke og føreseielege tilskot, som støttar oppunder profesjonell kunst- og kulturverksemd og innhaldsproduksjon, med basis i prinsipp om armlengdes avstand og ei positiv tilrettelegging for eit mangfald av kulturverksemd, kunst og frie ytringar.

Frivillig amatørkultur og idrett: I Alver skal me ha sterke og føreseielege tilskotsordningar, som støttar oppunder frivillig kulturaktivitet og innhaldsproduksjon.

Kulturarv: Kommunen si rolle skal vere og bidra med råd og rettleiing, tilskot til restaurering, vere faginstans for kulturminnesaker, og sikra formell vernestatus på dei viktigaste kulturminna gjennom plan- og bygningslova.

Musikkorps og -lag: Korpsa er [...] sårbare og drifta krev mykje økonomisk. Relevante tilskotsordningar til ulike nivå er avgjerande.

Aktivitet/strategi:

Vi skal utvikla tilskotsordningane og stipenda.

Tiltak 2024-25:

Vidareutvikla og styrke breie målretta tilskotsordningar til kultur og idrett, for frivillig

kulturretta sektor, amatør, profesjonell, arrangørar og kulturnæringar, samt ordningar som reduserer sosio-økonomiske barrierar

Merknad i utval for næring, kultur og idrett 04.06.2024:

Utvalget følger Alver kulturråds oppfordring om en "gjennomgang av formålet/kriterier for kulturprosjekt midlar" (les: retningslinjer for tilskuddsordningen), og ber om at dette tas opp som en egen sak i et utvalgsmøte.

Sakshistorikk

Det kom inn tre tilbakemeldingar på høyringa

Avsendar	Innspel/oppsummering	Kommunedirektøren si vurdering
Alver idrettsråd	(1) Alver idrettsråd støttar forslag til nye retningslinjer	(1) Tatt til orientering
Alver kulturråd	(1) Nye retningslinjer gir betre oversikt for søkjaren, og det er positivt med at generelle føresetnadar og pliktar er skilt ut i eigne delar (2) Ny ordning som skil ut arrangement og arrangørar frå kulturprosjektordninga er positivt (3) Ser det som positivt med endring i korleis tilskota vert vedtekne	(1) Tatt til orientering (2) Tatt til orientering (3) Tatt til orientering
Edru livsstil Nordhordland	(1) Peiker på formål ved ordninga «driftstilskot til andre kulturorganisasjonar», og at dei ser sin organisasjon til å høyre inn under denne ordninga, og peiker på at dei ikkje har fått kulturtilskot etter kommunesamanslåinga	(1) Saka gjeld generelle retningslinjer. Merknaden peiker til eit vurderingsgrunnlag som er knytt til den einskilde søknad. Lag som ikkje er reine kulturorganisasjonar, men som har omfattande ålmenn kulturaktivitet kan få tilskot, dette vurderast på grunnlag av innkomne søknadar. Merknadsstillar må gjere greie for dette i samband med eventuelle søknadar.

Det er ikkje gjort endringar i retningslinjene som følgje av høyringa.

Det er gjort interne vurderingar i etterkant av utsendinga, med somme få endringar til endeleg framlegg til handsaming. (1) Ordning om tilskot til verneverdige kulturminne med presisering om at dialog kan både vere med kulturverntenesta i Nordhordland (MUHO) eller

kulturminneansvarleg funksjon i Alver kommune. (2) Ordning om tilskot til friluftslivstiltak er endra *skal* til *bør* når det gjeld at det ligg føre grunneigaravtale. Dette er grunna i at det somme plassar vil vere krevjande å få til anna enn munnleg avtale, sjølv om skriftleg avtale skal vere hovudregel.

Vurderingsgrunnlag

Lovkrav

Tilskota står i høve kulturlova, som fastlegg offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk (§1).

Kommunane skal etter lova syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar å leggje til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt (§4)

Vidare skal kommunane sørgje for at kulturlivet har føreseielege utviklingsvilkår [...] fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar, og å sørgje for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon omordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak (§5)

Endringar i retningslinene

Tilskotsordningane er i stor grad vidareført som i dag, men med nokre presiseringar og justeringar. Det er eit mål om at retningslinene skal vere enkle å orientere seg i, derfor har kvar ordning si eiga side som skal seie noko om kva som er viktig og som gjeld for akkurat denne ordninga. Vidare er det rydda i det som gjeld felles for alle ordningar, og ein har tydeleggjort pliktane alle tilskotsmottakarar har.

Målsetjinga er å kunne på ein enkel måte dele opp dokumentet ved behov, og formidle det som gjeld den enkelte søkjar utan at hen må forhalde seg til heile retningslina.

Friluftsliv er flytta tilbake til idrettsordningane når det gjeld driftstilskot. Skiljet var den gong grunna i ulikheiter i medlemsregistreringa mellom idrett, skyttarvesen og friluftsliv. Dette vert no vurdert til å kunne handterast framover. **Skyttarlaga** har alltid vore del av idrettsordningane, og dette er tydelegare presisert.

Arrangementstilskot er nytt, og har grunnlag i at arrangementssøknadar i dagens fellesordning (kulturprosjektstøtte) ikkje på ein god måte kunne skilje mellom enkeltstående kulturprosjekt og årleg arrangørarbeid knytt til festivalar og konsertseriar. Det vert òg lagt til enkle miljøkrav for utandørs arrangement, i tråd med *Kultur som drivkraft*. Det er søkt etter formuleringar som presiserer at ordninga ikkje er meint for organisasjonar der gjennomføring av vanlege konsertar, cupar og kampar vert vurdert som del av normal kjerneaktivitet.

Driftstilskot til **musikkfeltet** er slått saman i ei ordning, då det vert vurdert at ein kan handtere dette i fellesskap, og med omsyn til balansen mellom barne- og vaksenaktivitet.

Fleirårleg driftstilskot og Ungdomsmidlane var forankra i eigne saksdokument, og i dag ikkje del av retningslinene. Dette er justert ved at dei er tatt inn i nye retningslinjer i lag med andre ordningar. Det er presisert at retningslinene òg vil gjelde for eventuelle **eingongstilskot** frå kommunen.

Etablering av eit *tildelingsutval*, kultur og ytringsfridom, og armlengdsprinsippet
Tilskotsordningane har ein samanheng med Grunnlovas §100, sjetle ledd og det såkalla infrastrukturkravet.

I dette ligg det at styresmaktar har eit aktivt ansvar for å leggje til rette for ytringsfridomen og støtte oppunder rammene for denne. Samstundes kan ikkje dei same styresmaktene legge hindringar for den einskilde ytring eller ein organisasjon si verksemd, då dette nettopp er dekt av ytrings- og organisasjonsfridomen.

Ansaret for å legge til rette for ytringsfridom, demokrati og ein open og opplyst samtale kan for kulturområdet sjåast i to delar: (1) på den ein sida skal styresmaktene ha eit ansvar for positiv tilrettelegging av eit mangfald av kulturverksemd, og (2) på den andre sida skal ein sikre kunstnarleg fridom for innhaldsproduserande kulturaktørar og armlengds avstand i forvaltinga av kulturpolitiske verkemiddel.

Lov om folkebibliotek vart justert for over ti år sidan, med ein utvida formålsparagraf med fokus på offentleg samtale og ytringsfridom. I etterkant av denne justeringa har biblioteka i Noreg utvikla praksis på korleis kommunen/eigar på den eine sida er arbeidsgivar og økonomisk styrande for biblioteket, mens dei fagtilsette og den lovpålagde biblioteksjefen/redaktøren styrar innhaldet. Å halde avstand til bibliotekets innhald er eit felles utgangspunkt i Noreg, ved at vi til dømes ikkje skal instruere kva for bøker som står i hyllene eller kven som skal få taletid i ein debatt.

Utkastet til ny kulturlov i 2023 kasta nytt lys på problemstillinga då denne føreslo å lovfeste prinsippet om armlengdes avstand i samband med kulturfeltet generelt. Lovendringa er ikkje endeleg vedtatt, men Alver kommunestyre støtta ei slik lovfesting av prinsippet i si høyringsuttale i juni 2023, KO-088/23.

I lys av høyringsuttalen, presiseringa av problemstillinga i utkast til ny kulturlov og erfaring frå oppfølging av lov om folkebibliotek dei siste åra, vart armlengdsprinsippet festa i *Kultur som drivkraft*, kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023- 2035.

Tilskota til kultur og idrett vert derfor i justerte retningslinjer føreslått å ikkje lenger verte vedtekne politisk, men av eit fagleg utval, og med politisk utval som kontroll- og klageorgan. Dette er i tråd med tradisjonen i Alver, då den politiske handsaminga i stor grad frå før har omhandla kontrollfunksjonen og i mindre grad innhald. Det nye faglege utvalet liknar på dagens faglege innstillingsutval, som førebur innstillinga i dagens ordning før den politiske handsaminga. Det nye fagutvalet skal ikkje ta omsyn til politiske vurderingar anna enn til overordna rammeverk, verkemiddel og målsetjingar som er sett i kommunen sitt planverk.

Tilskot til friluftslivstiltak vert frå før tildelt utan politisk vedtak, og kommunen innstiller òg til statlege og fylkeskommunale ordningar etter kulturpolitiske planverk og faglege

kartleggingar, utan eigne vedtak. Det varierte mellom dei tre gamle kommunane i kva for grad tilskot var politisk vedtekne og ikkje.

Ordninga for fleirårlege driftstilskot vil fortsetje å vere politisk handsama i samband med økonomiplan og budsjettvedtak.

Flytprosess tilskotshandsaming (endringar i kursiv)

I dag	1 Søknad motteke	2 Sakshandsamar førebur	3 Gjennomgang fagutval	4 Sakshandsamar justerer
	5 Felles innstilling fagutval	6 Høyring kulturråd idrettsråd	7 Vedtak politisk utval	8 Utbetaling og rapportering
Nye retningslinjer	1 Søknad motteke	2 Sakshandsamar førebur	3 Gjennomgang tildelingsutval	4 Sakshandsamar justerer
	5 Høyring kulturråd idrettsråd	6 Vedtak tildelingsutval	7 Utbetaling og rapportering	8 Til politisk utval for ettersyn

Partar

Innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv, samarbeidsråd.

Alternativ

Framlegget til nye retningslinjer baserer seg på tidlegare vedtak og gjeldande planverk, og har vore på høyring.

Økonomiske konsekvensar

Saka gjeld ikkje økonomi

Miljømessige konsekvensar

Tilskot til arrangement vil ha krav knytt til miljø

Organisasjonsmessige konsekvensar

Saka har ikkje organisasjonsmessige konsekvensar

Risiko

Det er ikkje kjend risiko ved saka

Vurdering av særskilte grupper

Tilskotsordningane er innretta mot aktivitetar som barn og unge deltar i. Vidare er det spesifikt krav til ordning om følgjekort. Tilskota står i samband med politiske målsetjingar i planverket for kultur, der barn og unge, inkludering og tilrettelegging er omtalt i eigne kapittel.

Kommunedirektøren si tilråding

Nye retningslinjer er oppfølging av vedtatt kulturpolitikk, og har vore på høyring.

Kommunedirektøren Vedlegg

- 1 Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune – FRAMLEGG OKT. 24
- 2 SV Høyring av retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver Kommune
- 3 uttale retningslinjer.pdf
- 4 Til Alver kommune.docx

rår til å vedta nye retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune.